

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 15. desember 2017
Stad: Geilo, Vestlia Resort

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Ole Egil Trinrud, Ål kommune
Helge Feet, Gol kommune
Tore Haraldset, Nes kommune
Kristin Gullingsrud, Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt
Arne Jørstad, fylkeskontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune (sak 49)
Hege Mørk, Gol kommune (sak 49)
Torbjørn Hansen, Nes kommune (sak 49)
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune (sak 49)
Odd Egil Stavn, Flå kommune (sak 49)

SAK 49/18 STRATEGISK PLAN, HANDLINGSPROGRAM, HANDLINGSPROGRAM MED PRIORITERINGAR 2018

Forslag til tiltak, prioriteringar og ansvar vart grundig drøfta og bestemt.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vedtek endeleg handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal i møte 26.1.2018. Prioritering av tiltak skal vera ut frå drøfting i møte 15.12.2017.

Handlingsprogram skal kategoriserast slik at det som er regionrådet og rådmannsutvalet sitt ansvar er ei del og det som er forslag som andre har eit eventuelt ansvar for er ein del.

SAK 50/17 HALLINGDAL 2020, TILTAK MED BAKGRUNN I STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 630.000 til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, under arbeidsområde Hallingdal 2020.

Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.

SAK 51/17 FILM; FJORD, FJELL OG VIDDE**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver inntil kr. 400.000 til Film Fjord, Fjell og Vidde, som eit samarbeid mellom Hallingdal og Hardanger, for å legge til rette og marknadsføre desse regionane som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar.
2. Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.
3. Regionrådet for Hallingdal skal handsame endeleg prosjektplan før igangsetting av prosjektet.

SAK 52/17 NÆRINGSVENLEG REGION, FORSTUDIE**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ynskjer setja i gang forstudie med næringsvenleg region etter Innovasjon Norge sitt verktøy (NVR).
2. Regionrådet for Hallingdal løyver inntil kr. 127.600 til tiltaket. Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.
3. Dagleg leiar søker Buskerud fylkeskommune om kr. 230.000 til gjennomføring av forstudie.
4. Prosjektet skal organiserast etter prosjektplan.
5. Forstudie skal vera avslutta juni 2018.

SAK 53/17 SØKNAD OM PROSJEKTSTØTTE TIL TRÅKK‘N’ ROLL I 2018**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver eit tilskot på kr. 300.000 vidareføring og utvikling av bærekraftige terrengsykkeltilbod i Hallingdal (Tråkk ‘n’ Roll) i 2018. Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.
2. Visit Geilo AS skal vera prosjektansvarleg for vidareføring og utvikling av bærekraftige terrengsykkeltilbod i Hallingdal.
3. Regionrådet ber om at det i 2018 blir arbeid med og klargjort korleis Tråkk ‘n’ Roll skal gå frå prosjekt til ei meir permanent satsing, der det er klargjort finansiering og ansvar.
4. Prosjektet skal vera endeleg avslutta i 2018 og evaluering og rapportering skal vera gjennomført innan 1.3.2019

SAK 54/17 REGION VIKEN, INNLEIANDE DRØFTING**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal inviterer Buskerud fylkeskommune til å være med i et prosjekt som har som mål å klargjere Hallingdal sine mogeleheter og utfordringar, i samband med prosess for etableringa av Viken fylkeskommune.

- Regionrådet for Hallingdal ynskjer ei politisk styringsgruppe representert med Regionrådet for Hallingdal og representantar fellesnemda til Buskerud fylkeskommune.
- Regionrådet for Hallingdal vil setja av administrative ressursar til arbeidet og håpar Buskerud fylkeskommune og kan gjera det same.
- Regionrådet for Hallingdal ynskjer at arbeidet kan setjast i gang snarast mogeleg.

SAK 55-17 SØKNAD OM STØTTE TIL MARKNADSFØRING AV LANGRENN I HALLINGDAL I 2018**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver eit tilskot på kr. 100.000 til vidareføring av Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2018. Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.
2. Ål Utvikling skal vera prosjektansvarleg for fellesprosjektet marknadsføring av langrenn i Hallingdal 2018.
3. Regionrådet ber om at det i 2018 blir arbeid med og klargjort korleis langrennsprosjektet skal gå frå prosjekt til ei meir permanent satsing, der det er klargjort finansiering og ansvar.
4. Prosjektet skal vera endeleg avslutta i 2018 og evaluering og rapportering skal vera gjennomført innan 1.3.2019

SAK 56-17 EVENTUELT**Handsaming av saker i regionrådet, saksgang**

Ordførar Tore Haraldset tok opp spørsmål om saksgang i samband med handsaming av saker i regionrådet, med bakgrunn i spørsmål frå Rune Ihle, gruppeleiar Nes Høyre.

Vedtak

Rådsordførar Oddvar Grøthe svarar i eige brev på oppmoding frå Rune Ihle, gruppeleiar Nes Høyre.

SAK 57/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 15.12.2017**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Hallingdal 15.12.2017

Petter Rukke, Hol kommune

Ole Egil Trinrud, Ål kommune

Helge Feet, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Kristin Gullingsrud, Flå kommune